

# Vedtekter for Fond kraftkontrakten

---

## § 1 Heimel / bakgrunn

Fondet er oppretta med bakgrunn i avtalar om overføring av «Kraftkontrakten» frå Etne elektrisitetslag AS (EE) til Etne kommune (EK), jf. avtale signert XX. desember 2019 med verknad frå 01.01.2020.

Med bakgrunn i ovannemnde har EK inngått ein avtale med Sunnhordland Kraftlag (SKL) om «Levering av konsesjonskraft fra kraftanleggene i Litledalen i Etne kommune». EK og EE er einige om at verdien av den tidlegare «Kraftkraftkontrakten» til EE svarer til omlag 25 % av netto inntekter av den nye avtalen mellom EK og SKL. Av den delen som svarar til den tidlegare «kraftkontrakten» (25%) skal halvparten av inntektene som framover tilfelle kommunen førast som inntekt til eit fond og disponerast i samsvar med desse vedtekten.

EK og EE er einige om å gå inn med eit beløp på kr 250 000 kvar som innskot i fondet før utdeling hausten 2020. Frå 2021 vert inntektene avsett til fondet året før tilskotsåret tilgjengeleg for disponering i tråd med desse vedtekten.

Fondet skal vere eit bunde driftsfond i Etne kommune sin balanse.

## § 2 Formål

Midlane frå fondet skal gå til å støtte ulike ålmennytige formål i Etne kommune.

Fondet skal retta seg spesielt mot tiltak som bidrar til å fremje kultur, idrett og frivilligkeit. Fondet skal bidra til mangfaldet innafor organisasjonslivet i Etne kommune, inspirere til kreativitet og fremje samhandling mellom frivillige lag, organisasjonar og Etne kommune.

## § 3 Vilkår

Midlar frå fondet skal innafor formålet tildelast lag og organisasjonar innan Etne elektrisitetslag AS sitt tidlegare konsesjonsområde.

Primært vert det gitt tilskot til å støtte opp om prosjekt, tiltak og aktivitetar av eingongskarakter. Fondet kan nyttast til investeringar i varige driftsmidlar, både for ålmennytige organisasjonar og kommunale tiltak. Midlane kan og brukast til forskotering av spelemidlar.

Midlane skal ikkje brukast til løypande drift, med unnatak for tilskot til avdrag på investeringar gjort i tråd med fondet sitt formål.

## § 4 Støtteformer

Støtte kan gis i form av både lån og direkte tilskot. Ved lån skal avdrag førast tilbake til fondet.

## § 5 Disposisjonsrett

Disposisjonsretten innafor rammene av vedtekten er lagt til Formannskapet i Etne kommune.

Formannskapet kan disponere heile eller deler av fondet sin saldo på tidspunktet for utdeling.

#### **§ 6 Sakshandsaming**

Disponering av midlar frå fondet vert handsama og delt ut ein gong kvart år.

Årleg søknadsfrist vert sett til 31. august.

Alle innkomne søknadar skal leggjast fram for styret i EE for uttale og eventuell prioritering før Formannskapet gjere vedtak om tildeling av midlar.

#### **§ 7 Forvaltning**

Midlane på fondet forvaltast innafor kommunen sitt reglement for finansforvaltning. Ved forvaltning av fondsmidlane skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.

Årleg avkastning, og eventuelt ikkje disponerte midlar, vert sett av på fondet til bruk seinare år.

#### **§ 8 Rekneskap og rapportering**

Budsjettering og regnskapsføring for fondet vert gjort i kommunen sitt ordinære budsjett og rekneskap i samsvar med gjeldande forskrifter.

#### **§ 9 Særskilte vilkår**

For åra 2020 til 2030 skal kr 100 000 gå til Skakke SA til betaling av avdrag på lån.

Etter denne perioden kan alle midlane disponerast fritt innafor rammene elles i vedtekten, og denne paragrafen kan gå ut av vedtekten.

#### **§ 10 Endring av vedtekten**

Etne formannskap kan vedta mindre praktiske endringar så lenge dei ikkje går på tvers med intensjonen med fondet. Etne Elektrisitetslag AS skal godkjenne prinsipielle endringar. Formålet (§ 2) og vilkåra (§ 3) kan ikkje endrast utan godkjenning frå Etne Elektrisitetslag AS.

Ved ein eventuell framtidig kommunesamslåing kan disposisjonsretten (§ 5) overførast formannskapet i den nye kommunen.